


# DET NORSKE TEATRET





# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 20 37 70

Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygding - Nyverdetrygding




*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets  
Vis-à-vis  
Nationaltheatret*

THAU

En forfriskende pause



DRIKK

*Coca-Cola*

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tappeti

Jarlsberg Mineralvann A/S

# „KEISAR JONES“

av

EUGENE O'NEILL

omsett av IVAR ESKELAND

regi TORMOD SKAGESTAD

dekor og kostyme ARNE VALENTIN

pantomimisk koreografi HENRYK TOMASZEWSKI

lydmontasje FINN LUDT

inspisient REIDAR JAMVOLD


SESONGEN 1964/65

Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker.



**Walter Jacobsen a.s**  
MODELL KONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.




Eugene O'Neill.

## Eugene O'Neill og „Keisar Jones”

Framleis står O'Neill som Amerikas dramatisk framfor nokon, enda han døydde som ein bitter mann og nedvurdert diktar. Han drog seg attende frå Broadway og øydela sjølv store delar av det han hadde tenkt som sitt livs hovudverk: ein dramatisk syklus på ni skodespel. Reminisensar av dette monumental-verket om Amerika låg likevel att etter han, og Dramaten i Stockholm fekk den store æra å gje det scenisk liv for første gong: «Touch of a Poet» (spela på D. N. T. i 1959), «More Stately Mansions» (urpremiere på Dramaten 1960 i sterkt forkorta form). Men sterkast lyskraft på scenen fekk eit anna etterlate verk: O'Neills siste dramatiske skildring av foreldreheimen, — «Long Day's Journey into Night», som han sjølv sa var skrive med blod og tårer (spela på D. N. T. i 1961). Her er ringen slutta, i ei forklara form er han igjen attende til den poetisk-realistiske atmosfære som særpregar hans ungdomsverk frå hav- og hamnemiljø. Imellom ligg ei utvikling der O'Neill er på evig søking etter nye dramatiske uttrykksformer; ein gong grip han attende til antikkens drama, som i «Mourning becomes Electra», der det greske motivet er planta om til amerikansk miljø. Ein annan gong spøker Strindberg i kullissene, eller dei tyske ekspressionistane, men på scenen kling alltid O'Neills eiga vibrerande røyst. «Emperor Jones» var eit slikt eksperimentdrama, eit uvanleg mysteriespel, ein ekstatisk visjon, ein knapp og suggestiv dramatisk handlingsgang med vide perspektiv. Dominerande hovudperson er USA-negeren Brutus Jones, ein gong konduktør på Pullmann-vogner i Statane før han vart drapsmann og hamna i fengsel og fangelæger som han braut seg ut or og rømde frå.

Når teppet går opp, sit han som keisar over innfødde busk-

Framhald side 22.



Regi: Tormod Skagestad.

# EUGENE O'NEILL

Eugene O'Neill (1888—1953) står som grunnleggjaren av det moderne amerikanske drama, og som ein av dei fremste dramatikarane i det heile i dette hundreåret. — Som son av den irsk-amerikanske skodespelaren O'Neill — særleg kjend for sin vidgjetne «Greven av Monte-Christo» — kom Eugene alt frå barneåra i nært samband med teatret og livet bak kulissene. Då han vel var vaksen, freista han seg som skodespelar, men fann snøgt ut at han ikkje dugde til det. Samlivet i heimen vart og meir og meir utriveleg; mor hans var plaga av nervøsitet som truga med sinnssjukdom — tilhøve som han seinare bygde familiedramæet «**Lang dags ferd mot natt**» over. Han reiv seg laus frå alle og tok ut på «loffen», freista seg med mange slag yrke frå bomullsplukkar og symaskinagent til gullgravar og journalist. Men det var sjøen som lokka han mest. Han tok ei tid hyre på ein norsk båt, og det var emne frå sjømannslivet som først fekk han til å prøve seg som diktar, med ei rad sterkt realistiske einaktarar. Men det urolege livet tok sterkt på den veike helsa hans, og han fekk eit lengre opphald på tuberkulosesanatorium, som han seinare henta miljø og personar frå i «Strået». Etter dette tok han opp att litteraturstudiet han hadde byrja på som 18-åring ved Princeton universitet, og no søkte han til Harvard og den vidkjende dramatkar-skulen til G. P. Baker, der så mange framstående amerikanske dramatkarar har fått si første skuring. Her ifrå kom han i samband med ei gruppe avantgardistar, «The Provincetown Players», som først spela eit par av einaktspela hans og 1. november 1920 hadde urpremiere på «**Keisar Jones**», med negerskodespelaren Gilpin i hovudrolla. Det vart ei sensasjonell hending og inkje mindre enn eit vendepunkt i amerikansk teatersoge. Teaterkritika-

Framhald side 24.



Koreografisk pantomime: Henryk Tomaszewski. Utdanning som skodespelar og dansar frå Krakow. Grunnla det verdskjende pantomimeteatret i Wroclaw 1956. Mimodramaet vekte veldig interesse. Gjestespel i mange land. Prisar i Moskva og Paris.

## Earle Hyman

Ein stor amerikansk skodespelar lærer seg norsk for å kunne spela teater i Noreg, ikkje e i n gong, men gong på gong. Det skjedde først på Den Nationale Scene i Bergen, der han for vel eit år sidan sigra stort med Othello, ei rolle han før hadde triumferte med i U.S.A. De ser han i kveld på Det Norske Teatret som keisar Brutus J o n e s, til vinteren skal han på Riksteaterturne omkring i landet. Fine tilbod frå amerikanske scenar og amerikansk TV blir vraka eller må vente, — av ein eller annan merkeleg grunn har Earle H y m a n fått kjærleik til nettopp v å r t land. Kanskje fordi det enno er så mykje natur igjen her, — vi har enno pusterom, og Earle Hyman har fin sans for natur. «Haugtussa» av Garborg og bøkene til Tarjei Vesaas høyrer til dei ting han gjerne les. Eg har vore med Earle Hyman på biltur ut i bygdene kring Bergen, — eg har sett han springe ikring som eit barn og klappe regnvåte norske trestammer, lysande av glede over å vera blant ting som veks. Måtte denne hans kjærleik til Noreg føre med seg at vi ofte får nytte godt av hans eminente skodespelkunst! Det var elles som kunstnar og skodespelar han kom til å oppdaga landet, gjennom Henrik I b s e n. Som trettenåring såg han «Gengangere», og trass i at det ikkje var på originalspråket(!), men i ei engelsk omsetjing, fekk han ei teateroppleving som drog mangt med seg. Utan d e n ville han snautt stått på vår scene i kveld, og tolka sin store landsmann Eugene O'Neill, Ibsens arvtakar i Amerika. Kunsten sprenger landegrensar og språkgrensar, d e t opplever vi ved dette høvet sterkare og meir konkret enn vi til vanlegvis gjer.

Framhald side 13.

LYTT TIL

## *Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spellemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonar i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting

Til salgs hos musikkhandlerne

# WILLEM II

## SIGARER

*Først  
blant de  
beste*



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

Framhald frå side 11.

Vi helsar Earle Hyman velkomen til teatret vårt, vi er lykkelege over å ha han her, fordi han er eit så fint og levande menneske og ein slik stor og på alle vis kraftfull scenepersonlegdom. Han set dei strengaste krav til eigen innsats, det har vore ei oppleving å arbeide saman med han, og vi vonar at vi snart må få han hit igjen!

T. S.

## Henryk Tomaszewski

I Polen skjer det spanande ting for tida. Gong på gong får vi filmar derfrå som vitnar om original skapande kraft og artistisk raffinement. I eit gammalt europeisk kulturfolk med rike tradisjonar blømer n y kunst som få andre stader i verda. Teatret, i Warszawa, i Krakow, i Wroclaw, utviklar seg på ein dynamisk og vital måte. Midt i denne nyskaping står Henryk Tomaszewski, skaparen og leiaren av det verdskjende Wroclaw Pantomimeteater, som har feira dei største triumfar, både heime i Polen og på ei rad Europa-turnear, og som til vinteren skal på lang Amerika-turné.

Det er ei ære for Det Norske Teatret at denne nyskapande kraft i europeisk teaterliv tar seg tid til å arbeide her mellom dei store slaga ute. Vi som har sett hans arbeid på nært hald, først som pantomimelærar for ensemblet, deretter som pantomimekoreograf, er overttydde om at denne innsatsen blir ein impuls med varig verknad. Hans boblande sceniske fantasi, hans strenge, presise uttrykksmåte, stilisert, men alltid med konkret utgangspunkt i livet og kvardagen, har vore ein inspirasjon for oss alle. Han representerer noko som norsk teater treng idag, og vi vonar at han også i framtida vil finne vegen attende til oss.

T. S.

Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer  
og presanger for hele familien

„STAR”

Karl Johans gate 4, ved Jernbanetorget

### Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør  
det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 67 98 75



Godt utvalg i dame- og herreskotøy

## Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

MIDT PÅ KARL JOHAN  
EGERTORVET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greit  
Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

**BØNDERNES BANK A/S**



Henry Smithers: Øyvind Øyen. Gamal innfødd kvinne: Henny Skjønberg.

Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

DET er virkelig livskunst

**GRAND-KJELLEREN**

Hurtigservering av  
rimelige småretter

*Bruk spesialisten*

med over 15 års erfaring i sandblåsing av møbler,  
glass og metaller.

**TRYGVE ORFJELL**

Normannsgt. 31. Tlf. 68 45 70.




*Kjøp Deres stempler hos*

**JOHS. KROGSTIE A/S**

*Gravør og Stempelfabrikk*

Storgaten 9 – Oslo – Telefon 33 73 08

**KVALITET – NØYAKTIGHET – ANSVAR**



Keisar Brutus Jones: Earle Hyman.

*Bur De i Oslo og vil tinge*

## **DAG OG TID**

Ring oss på tlf. 20 25 47 eller 20 09 25 og vi hentar blad-pengane når det måtte passe.

Dag og Tid er ei avis i toppklasse og kostar berre kr. 11,— pr. kvartal.

Spesialpris for studentar og skuleelevar: Kr. 8,— pr. kvartal.



# **DAG OG TID**

Redaksjon: Akersgt. 7, Oslo 1. Forretningsavd.: Kr. Aug.gt. 14, Oslo 1. Postgiro 30 802. Bankgiro: 5370/659.

- VESAAS — Den nordiske romanprisen  
SYN OG SEGN — Største allmenne tidskriftet i landet  
DAG OG TID — Avisa for kommentar og debatt  
Det Norske Teatret — Lyrikkbiblioteket

**MÅLSAK ER KULTURARBEID  
HUGS MÅLGÅVA**

## **NOREGS MÅLLAG**

Postboks 911, Oslo 1. Postgirokonto 14 230



Medisinmann; krokodillegud: Rikki Septimus (frå prøve).

# „KEISAR

Av EUGEN

Omsett av IVA

Regi TORMOD

Pantomimisk koreografi

Dekor og kostyme

Lydmontasje

Inspisient REID

Dei som er med:

KEISAR BRUTUS JONES	Earle Hyman
HENRY SMITHERS, cockney-kjøpmann	Øyvind Øyen
GAMAL INNFØDD KVINNE	Henny Skjønberg
MEDISINMANN; KROKODILLEGUD	Rikki Septimus
AUKSJONARIUS	Ola B. Johannessen
SLAVEDRIVAR	Ola B. Johannessen
LEM, innfødd hovding	Earlston Wilson
NEGERSLAVAR	Asborn Blyden, Michael Joseph, Henry Marcial, Ignatius Thompson, Earlston Wilson

Ingen

***Hovedrollen***

***blant brannsikre skap . . . . .***

**Pris fra kr. 612,00**

# JONES''

E O'NEILL

R ESKELAND

SKAGESTAD

HENRYK TOMASZEWSKI

ARNE VALENTIN

FINN LUDT

AR JAMVOLD

PLANTASJEEIGARAR,  
SØRSTATSBORGARAR

Ulrikke Greve,  
Elsa Lystad,  
Monna Tandberg,  
Åsta Voss,  
Svein Erik Brodal,  
Helge Essmar,  
Frank Iversen,  
Einar Wenes,  
Kåre Wicklund,  
Sverre Wilberg

Kostyma er laga på Systova til Det Norske Teatret ved  
Randi Skahjem

Skodespelet går føre seg på ei av dei vest-indiske øyane  
som enno ikkje er okkupert av kvite sjømenn. Den innfødde  
styreforma er for tida einveldig keisardøme.

pause

.....  
**JÖLI**

**JØRGEN S. LIEN**

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

Framhald frå side 7.

negrar på ei vestindisk øy, — som ein Peer Gynt på Marokkostranda sit han på verdsens topp dit han har kome med bløff, kynisme og kald taktikk. Men no slår klokkene for han. Dei innfødde har rømt frå slottet, og dei magiske tam-tamtrommene byrjar låte i jungelen. Brutus Jones har venta denne dagen, og han har nøye planlagt si flukt gjennom urskogen, men det går ikkje lenger etter planen. Han villar seg bort der inne, — heile tida høyrest trommene på avstand, men nærare og nærare i aukande tempo, som eit ekko av hans eige hjerteslag. Angesten skaper skrekkvisjonar, halusinasjonar der han i maredraums form lever opp att dramatiske scenar frå sitt eige liv. Men etter kvart som han forvillar seg djupare inn i jungelen og får sine fargerike keisarklede rivne av til skinnen av jungelskogen, blir han eitt med rasen og opplever i visjonar fornedrande stunder i rasens landflyktige liv i Amerika, slavemarknaden i Sør-Statane, — og lenger attende, — slaveskipet på veg frå Afrika, — saman med sine ulykkelege forfedrar svaier han i skipets rytme og syng klagesongar. Til sist er han attende ved sitt opphav. Han møter den innfødde medisinmannen frå Kongo som vil suggerere han inn i krokodillegudens gap, som eit sonoffer.

På denne angestferd gjennom jungelen fell den vestlege sivilisasjons glitter av Brutus Jones, flik for flik, til han kryp naken under medisinmannens bydande, magiske rørsler. Jungelen forvandlar seg for våre augo til eit symbol på Brutus Jones' eige indre, på same vis som Dovregubbens hall og Bøygen i «Peer Gynt» blir ytre projeksjonar av Peers sinnsliv.

Ulike som dei er i omfang og atmosfære, handlar «Emperor Jones» og «Peer Gynt» om det same: som Jedermann og andre mysteriespel skildrar dei menneske som

Framhald side 27.



Frå prøve på auksjonssenen.

Framhald frå side 9.

rane frå nær og fjern samla seg ved det usjålege teaterhuset, som hadde botnskrapa kassa for å skaffe seg ein primitiv rundhorisont, og på få dagar var den ukjende forfattaren og det merkelege stykket hans kjent over heile Amerika. Og no følgde nye stykke slag i slag. Mest kjende er «Anna Christie» og «Bak horisonten», sett i scene av Knut Hergel (1920—21), «Begjær under almene», Alle guds born har vengjer» (1924), «Gorillaen» (1925), «Selsomt mellomspill» (1928) og trilogien «Sorgen kler Elektra» (1931). Alle fekk oppglødd mottaking på teatret, både i heimlandet og på dei leiande europeiske scenane. I Noreg var det Centralteatret som introduserte han i 1924 med «Anna Christie» og Gyda Christensen i tittelrolla. Først 5 år seinare følgde «Sælsomt mellemspill» på Nationaltheatret og i 1933 «Gorillaen», baa sett i scene av svensken Per Lindberg.

I 1931 hadde Det Norske Teatret sin første O'Neill-premiere (på Centralteatret), «Alle guds born har vengjer», sett i scene av Agnes Mowinckel, med Johan Norlund som negerstudenten og Tordis Maurstad som den kvite kona hans. Det var ei uvanleg gripande framsyning, som fekk mykje å seia for framtida til teatret. Ei god framsyning var òg «Bak horisonten» som Knut Hergel sette opp i 1937 med Einar Tveito og den unge Harald Heide Steen som dei to brørne. Etter krigen tok teatret først opp det sjarmerande ungdomsstykket hans «Ah! Wilderness» som fekk tittelen «Å, Ungdoms villmark» instruert av Nils Reinhardt Christensen, og i 1951 følgjer «Anna Christie», med Tordis Maurstad i tittelrolla og Lars Tvinde som faren og Arne Walentin som instruktør. — Av O'Neills seinare produksjon har Det Norske Teatret hatt premierar på «Litt av ein diktar» i 1959, med Ingolf Rogde, Astrid Sommer og Tordis Maurstad i hovudrollene, sett i scene av Knut Thomassen, og to år seinare vann teatret

ein av dei største sigrane i saga si med «Lang dags ferd mot natt», der det uvanlege hende at mor, far og son vart spela av ein norsk skodespelarfamilie, Tordis, Alfred og Torolv Maurstad. Regien hadde Tormod Skagestad.

Eugene O'Neill var ein mangfreistar i drama- og teaterkunsten. «Keisar Jones» vart eit gjennombrøt for ekspressjonismen i Amerika, og han prøvde seg seinare fram med mange slag eksperiment: t. d. dobbelreplikk, bruk av masker, personlegdomskløyving. Men han vende i seinare år til realismen og naturalismen, typisk er såleis «Ismannen kjem» og «Lang dags ferd mot natt». **Men trass i dei store suksessane han vann med desse, står framleis «Keisar Jones» som hans kanskje mest originale dramatiske diktverk.**

Olav Dalgard.

 **IPA** *Syskole* *Sy garderober*

Etablert 1942



**selv, — modellbetonet.**

**Vi gir Dem den beste individuelle undervisning.**

**Tlf. 46 29 87.**

*Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger*

**Savolainen & Co**

**STORGATEN 4 - OSLO**

*Thoralf Vik*

*Bygg- og tømmermester*

Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.

Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

# **XPELAIR** *viften*

FRA **WOODS**



*DEN SUVERENE VIFTE  
for kjøkken, kontorer og oppholdsrom*

Monteres i vindu eller vegg

**ENEIMPORTØR:**

**WOODS OF COLCHESTER SCANDINAVIA A/S**

Sandakerveien 50b - Oslo


Framhald frå side 22.

bruker sine rike evner til å byggje seg sjølv ei glitrande keisartrone.

Men Nemesis kjem med ein uavvendeleg lagnad, peikar ut vegen mot døden og opphavet, — ein dom blir fullbyrda.

Slik har «Keisar Jones» eit grunnmotiv som er tidlaust og ålmenmenneskeleg. Men på eit sosialt og politisk plan har stykket faktisk større aktualitet i dag enn da O'Neill skreiv det for vel førti år sidan. Den uhyggelege spaninga mellom kvit og farga i Amerika, ei spaning som gong på gong slår ut i blodige samanstøytar, — Afrika i stigande opprør mot kvitt herrevelde, — intuitiv og suggestiv har O'Neill gripe inn i framtida og skildrar problem som i dag kastar skræmmande slagskuggar over verdsens framtid.

*Tommy Skjerve*




*Kjøp Deres nye  
bilradio hos oss*

**Hurtig montering.  
Avtal tid, ring**

**68 49 18**

**Mange typer – også kombinerte reise- og bilradioer**  
*Bilradioreparasjoner  
utføres*

**BLAUPUNKT**



**JARLEN RADIO & TV AS**

Åkebergveien 56 - OSLO - Telefon 68 49 18

**SOM SIKKERHET — SIKKER SERVICE**

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

# ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO



## Det lyser opp


i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPESIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59



REDNINGSSKØYTENE  
reddet i 1963 45 mennesker  
fra drukningsdøden, og var  
til hjelp for 3799 mennesker.

Send ditt

bidrag

til

**Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning**

Wesselsgt. 8 Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 900 026/51



Auksjonarius: Ola B. Johannessen. Brutus Jones: Earle Hyman.



Tordis Maurstad som Mary Tyrone i O'Neills «Lang dags ferd mot natt».



*Den kresne kvinne finner alltid  
vei til*

*Pikant*

Damekonfeksjon

Brogt. 3 b. Tlf. 41 23 28

## **NASJONAL-KAFEÉN**

Keysersgt. 1. Telefon 33 21 49

IOGT's populære kafé i Oslo

**God mat — Rimelige priser — Selskaper mottas —  
Lokaler utleies**

Alt i finere  
metall

R. A. NIELSEN

*Finmekanikk*

Skogveien 17  
Telefon 443214

**A. Hillestad**  
rensing kjemisk renseri & farger

**Rensing – Farging**  
**Skjorteservice**

*Butikker over hele  
byen*

*Vakkere ben i*  
**ULTRALYD** *nylons*

*daniela*

DEN MODERNE STRØMPEN  
MED SÆRPREG



*Inger-Lise Haug :*

NÆRMESTE  
FORHANDLERE  
OPPGIS VED  
IMPORTØRER

**Vold-Johansen & Goplen**  
AKERSGT 59, OSLO 1 — TLF. 33 20 08

## Rikki Septimus

— Eg er like temperamentsfull som bikkja mi, Basil.

Vi tok det ikkje som ei guffen åtvaring der ute på Fornebu — det var heller ikkje slik meint; det var ei — frå hans synstad — sakleg opplysning han gav, akkompagnert av eit fantastisk sørafrikansk-dansk smil.

Han reiste frå jazzballettskulen sin i København, 300 elevar, for å gjeste som kongolesisk medisinmann i «Keisar Jones» og instruere i jazzballett med sikte på «West Side Story». Dei som frekventerer dette kurset på Det Norske, og det er mange, skal ha opplevt makelegare timar i sitt liv, blir det hevda.

Denne snertne, grasiøse dansaren og koreografen er fødd i Kimberley i Sør-Afrika for 34 år sidan, hadde sin dansande debut i «Carnival» i «Sadler Wells' Theatre Ballet», har sidan vore på europeiske turnear med London Festival Ballet og andre, var førstedansar i «Happy as a King», musical, likeins i «King and I» vart «dance director» for the Rodgers and Hammerstein London Company «Williams Ltd.» og har elles hatt ei mengd store oppgåver i London; dessutan fekk han tid til å studere ved «Royal Academy of Dramatic Arts» og hadde roller i britisk fjernsyn.

— Etter England?

— Italia. Koreograferte og dansa for «Revisita», TV og film, m. a. «Gentlemen marry brunettes» og i «Ben Hur».

Rikki Septimus fekk elles tid til å danse på Nereri Ballett Festival, i «Kong Oidipus» med Victorio Gassman i Syrakus, var med i John Butler's «Chamber Ballets» og så med Jerome Roben's «Export Ballett», USA.

Så kom «West Side Story», London, med m. a. skandinavisk turné.

Framhald side 36.

## NATIONALTHEATRET

### HOVEDSCENEN

«EFTER SYNDEFALLET»

Av Arthur Miller  
med bl. a. Wenche Foss,  
Arne Lie  
Regi: Knut Hergel

«ROMEO OG JULIE»

Av William Shakespeare  
Liv Ullmann og Joachim Cal-  
meyer i tittelrollene  
Regi: Per Bronken  
Dek. og kost.: Helge Refn  
Premiere 7. oktober

«VILDANDEN»

Av Henrik Ibsen  
Med Tore Segelcke,  
Liv Thorsen, Per Aabel, Eilif  
Armand, Gunnar Olram, Jørn  
Ording, Einar Sissener, Per  
Sunderland  
Regi: Knut Hergel  
Dek.: Per Schwab  
Premiere 24. oktober

### AMFISCEEN

«ALLE LURER ALLE»

Farse av Dario Fo  
Med Liv Thorsen, Gerhard  
Bjelland, Ola Isene, Knut  
Risan, Einar Sissener

«DEN AMERIKANSKE  
DRØMMEN»

Komedie av Edward Albee  
Med Aagot Børseth, Astrid  
Folstad, Gøril Havrevold, Arne  
Bang-Hansen, Knut Risan

## OSLO NYE TEATER

«PHOTO FINISH»

Komedie av Peter Ustinov  
Regi: Jon Lennart Mjøn  
I hovedrollen Claes Gill  
Premiere 10. september

«INGEN BLOMSTER TAKK»

Lystspill av Norman Barasch  
og Carroll Moore  
Regi: Jens Gunderssen

«SVALEREDET»

Av Roland Dubillard  
Regi: Pål Løkkeberg

«DEN AMERIKANSKE  
PRINSESSEN»

Av Nissim Aloni  
Regi: Issy Abrahami

«ANNE FRANKS DAGBOK»

Av Fr. Goodrich og A. Hackett  
Regi: Jens Gunderssen

## DEN NORSKE OPERA

«AIDA»

Opera av Giuseppe Verdi  
Regi: Einar Beyron  
Dirigent: Arvid Fladmoe  
7. september—24. oktober

«RIGOLETTO»

Opera av Giuseppe Verdi  
Regi: Bengt Peterson  
Dirigent: Zdenko Peharda  
10.—19. september

«BARBEREN I SEVILLA»

Opera av Gioacchino Rossini  
Regi: Einar Beyron  
Dirigent: Arvid Fladmoe  
22.—29. september

Framhald side 35.

«MADAME BUTTERFLY»

Opera av Giacomo Puccini. Regi: Einar Beyron. Dirigent: Zdenko Peharda.  
3.—14. oktober

Ballettprogrammet:

TESTAMENTET — MARKISEN — KONTRAPUNKT

Dirigent: Bryden Thomson.  
(1. okt.—5. nov.)

«THE RAKE'S PROGRESS»

Opera av Igor Stravinskij. Regi: Einar Beyron. Dirigent: Bryden Thomson.

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

# GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30



*Likar De å følgje med?*

Få  
syn for segn  
les



*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00,  
for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved direkte tinging i forlaget.  
Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års  
tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1.

Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

**det norske samlaget**

Framhald frå side 33.

Sidan har han gjort danske av seg. Utanom jazzballett-skulen sin har han m. a. hatt enorm suksess i danske fjernsynsprogram.

Vi veit vel at dette er ein ørliten smakebit av det 34-åringen har vore borti (ryktet vil ha det til at han ikkje byrja danse før han var 18); men vi har ikkje tid til å skrive bok no. Dessutan: det må vera proporsjonar. Han kan koma til å gjeste oss som 50-åring . . .

— Heldigvis, Rikki Septimus: Når du kjem att og koreograferer *West Side Story*, er du framleis berre 34.

— Ja. Då har eg vonleg vore med å forme «Teaterballettværkstedet» i København og har laga to nye ballettar spesielt for TV — —.

I. E.

### *„Ai, ai, for ein artig krig!”*

er eit merkeleg teaterstykke. Det heiter i England: «Oh, what a lovely war» by Theatre Workshop. Noko anna forfattar-namn står det ikkje, og det finst da heller ingen spesiell forfattar: det er blitt til på scenen, under prøvene på Theatre Workshop, dette nyskapande Londonteatret med Joan Littlewood som genial leiar.

«Oh! what a lovely war» er ein slags musical, men ein heilt uvanleg musical. Her er revy, kabaret, drama, operette, pantomime smelta saman til ei frapperande ny teaterform. Motivet er første verdskrigen: ironisk, vittig, makabert, patetisk skildrar Theatre Workshop krigen, og dei kjende krigsvisene vev seg gjennom handlingsgangen som trivielt-grotesk akkompagnement. Alle som reiser til London, kjem att

Framhald side 38.



Dekorasjon og kostyme: Arne Walentin.

Framhald frå side 36.

fulle av lovord over nettopp den nye framsyninga, som no har gått og gått i årevis.

Hartvig Kiran har sett om «skodespelet» til norsk, Barthold Halle set i scene, Edith Roger tar hand om koreografien.

## WEST SIDE STORY

har fått det ordet på seg at det ikkje kunne spelast i Skandinavia. Her fanst ikkje aktørar som kunne meistre nettopp denne krevjande teaterforma: det måtte ungdom til som song, dansa og spela teater like godt.

Krevjande er West Side Story utan tvil, men vi trur likevel det er noko av ein myte at dette sterke musikk-dramaet skulle vera uspeleleg her. Vi trur det er eit spørsmål om førebuing og oppøving, — derfor er vi alt no i gang med jazzballettprøver under dynamisk leiing av koreografen Rikki Septimus.

West Side Story får truleg premiere på Det Norske Teatret sist i april.

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

*Førsteklasses arbeide garanteres*

**JOHANSEN & NIELSEN**

**BOKTRYKKERI**

Pilestredet 45. b, Oslo

Sentralbord 60 17 95

## Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 412031

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottaes*

## Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

## Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,  
livdyr, ull, huder og skinn

*17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108000 medlemmer*



## Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

## Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 — Stortorget 8

Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

OSLO

